

Nynorsk salmekveld

Volda kyrkje 15. juni 2025

Velkomne til nynorsk salmekveld i Volda kyrkje! Volda sokn og Norsk hymnologisk foreining er glade for å kunne invitere til salmekveld med feiring av hundreårsjubileet for Nynorsk salmebok. Overskrifta for kvelden er «Me syngja skal den nye song», og kvelden vil syne korleis den nynorske salmeskatten er ein levande arv som framleis er i bruk, veks og utviklar seg. Utvalet av salmar er gjort med særleg tanke på å finne fram til salmar som har historie og forankring lokalt.

I dette heftet er dei fleste salmane henta frå Nynorsk salmebok. Tekstform, rettskriving og versenummer følgjer fyrsteutgåva frå 1925, med dei unntaka at dobbel a er modernisert til å og at verselinjene er skilde med linjeskift.

Dei som er med i kveld:

Ørsta kyrkjekor
Volda kyrkjekor
Karen Rosenberg Olsen, sopran
Dordi Boksasp Lerum, kvedar
Ragnhild Engeset, fløyte
Morten Bollerud, trekspel
John Inge Bjøringsøy, trøorgel
Kantor Bert Handrick
Kantor Marie Austrheim Riise
Sokneprest Per Kristian Sætre
Biskop Olav Fykse Tveit

3. Høyr, kor kyrkjeklokka lokkar

Anders Hovden 1911

Norsk folketone (Skjeberg)

Høyr kor kyr - kje -klok - ka lok - kar med ein høg og hei - lag klang
al - le folk og al - le flok - kar til ein hug - sam kyr - kje-gang!
Sys - kin, lat oss kal - let fyl - gja y - ver berg og y - ver byl - gja,
lat oss gå på kyr - kje veg gla - de bå - de du__ og eg!

2 Her hev våre feder funne
hjartefred og sælebot.
Her hev livsens kjelda runne
friskande um hjarterot.
Tåret høgt mot himlen peikar,
der på himmelstigen leikar
gode englar til og frå
millom jord og himmel blå.

3 «Um ei moder barnet gløymer,
deg eg aldri gløyma kann,
ved min barm eg trygt deg gøymer,
hjartebloodet for deg rann!
Ottast ei, ver berre tolen,
sjølv eg sit med styrevolen,
liv og lagnad styrer eg,
tru på Gud og tru på meg!»

4 Høyr kor kyrkjeklokka lokkar,
det er sundags høge ro,
våre sorger burt seg tokkar,
våre sjælesår skal gro.
Ja, eg gløymer all mi møda,
Jesus vil mitt hjarta grøda,
ved hans barm der er min stad,
sterk han gjer meg, sterke og glad.

682. Å, saelaste stund

Johan Halmrast 1890
O: Bernt Støylen 1920 (Nn)

Kristian Wendelborg 1890

6 Å sæ-las-te stund u-tan like, han li-ver, han li-ver en-no! Han
10 sig-ran-de stand i sitt ri-ke! Mitt hjar-ta kvi syr-gjar du so? Han
14 stod upp den sæ-las-te da-gen or gra-vi der blei-kna han låg, eg
18 li-van-de såg han i ha-gen, eg al-dri so fa-ger han såg. Eg

2 Han liver, og helsing han sender
til sine med saelaste ord;
meg, ringaste syndar han kjenner,
han tek til sin tenar på jord.
Ja, eg skal hans sendebod vera
og gå med ei underfull trøyst,
Guds englar den bod skulde bera
med lovsong og jublande røyst!

3 Å saelaste stund utan like,
han liver, han liver enno!
Han sigrande stand i sitt rike!
Mitt hjarta, kvi syrgjer du no?
Ved gravi du trøyst vilde vinna
og søkte den sorgfyllte grunn,
so fekk du den livande finna;
å saelaste, saelaste stund!

329. Kved upp, Guds folk

Elias Blix 1875

London 1789

2 Han til si kyrkja enno kjem
som fordom i Jerusalem.
Han kjem uti sin heilagdom
til deim som honom giva rom.

3 Han stundom kjem i storm og eld,
det ljonar gjennom kyrkjetjeld.
Han kjem og i den stille ljod,
det leikar lint i hug og mod.

4 Då merkar hjarta mang ein gong
som ljoden av ein heilag song,
so underleg ei toneferd
som helsning frå ei høgre verd.

6 Kom, livsens Ande, dauden driv!
Og fød i oss ditt eige liv!
kveik upp din kjærleik i vår hug
og styrk oss med din eigen dug!

7 Vårt hjarta utan deg er daudt,
som turre landet audt og snaudt,
som åre utan eld og glo,
som harpa utan mål og ljod.

8 Kom ned som liv i aude land!
Kom ned som glo i slokna brand!
kom ned som sol på frosne eng!
Kom ned som ljod på tagna streng!

10 Kom ned til oss med tunga ny,
so lovsong stig frå bygd og by,
til med din englekor ein gong
me syngja skal den nye song!

303. No livnar det i lundar

Elias Blix 1875

Ludvig M. Lindemann 1865

No liv - nar det i lun - dar, no lau - vast det i lid, den
hei - le skap - ning stun - dar no fram til su - mars tid.

2 Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og etter som eit under
nytt liv av daude gror.

3 Guds kyrkja lysa skulde
som høgt på berg ein stad,
med sumar, utan kulde
og utan solarglad.

4 Guds ord vel alltid lyser,
den sol gjeng aldri ned.
Det hus som anden hyser,
ligg stødt i ljós og fred.

11 Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song!
Du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong.

12 Då me med vigsla tunga,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunga,
skal lova Herren vår.

700. Eg ser deg Gud

Johannes Barstad

Mathilde V.B. Gyllenhaal, 1833.

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som ti-ter i fag-re far-gar mil-lom Stein og
strå, som al - le upp mot sol og him - mel
sti - rer med bjar - te smil som bar - ne - au - go små.

2 Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar
i kvite fossar millom knaus og koll
og klede i brudeskaut den unge sumar
og syng sitt liv utsver vang og voll.

3 Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner
eit bilet av din stordom og din glans,
når soli honom med sin gullglans kryner,
og snøen bind av sylv sin glitre-krans.

4 Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar
so reint og høgt i friske morgenstund,
og i det gull som eg i kvelden skodar,
når dagen trøytnar mot sitt kvilemund.

5 Eg ser deg, Gud, i alt det liv som yrer
kring jordi all og høgt i stjernesveim.
Eg ser kor vel du skipar alt og styrer
som kjærleg fader i ein barneheim.

6 Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver
ei gledetåra, for du hev oss kjær,
og yver oss so fager himmel kvelver
og gav til heim oss slik ei fager verd.

697. Vit og tru

Ivar Aasen 1863

David Monrad Johansen 1964

Arr.: Terje Aarset 1996

1 Me høyrer stundom so stort eit ord
um alt som folk tykkjест vita
um liv og lagnad, um himmel og jord
og alt som mannen kann gita.
Eg ottast alt som me vita fullt,
er lite mot alt som for oss er dult.

2 Eit frækorn fell av eit tre i mold,
det sjølv til eit tre seg lagar
med diger stuv og med fager koll
som høgt i vinden svagar.
Kven vilde vel tru, når han ikkje såg
at all den kraft inni frækornet låg?

3 Me ser uti rømdi so stor ein kring
der stjernor i natti yrja,
og vetterbraut istend som ein ring
der framande himlar byrja.
Seg, er der vel ein stad ein ende på?
Og kva er so utanfor enden då?

4 Nei, vesle vitet det rekk ikkje til.
Ei tru må stydja uppunder,
– ei tru som trøysta og styrkja vil
i myrke, stormande stunder.
Eg vonar den visdomen hjelper mest
som med slik ei tru kunde semjast best.

601. Gud signe vårt folk

Bernt Støylen 1921

Norsk folketone (Setesdal)

Gud sig - ne vårt folk der dei sig - ler og ror og blå - my-ri plø - gjer i
7 sud og i nord! Di hand må deim va - ra som u - te skal fa - ra! Dei
13 stre - var og ba - lar på skip og i båt, Gud
17 ve - re i storm og i stil - la att - åt!

2 Sitt livebrød hev dei på brusande hav,

med berre ei fjøl millom seg og si grav.

I forvêr og fåre

forkomne og klåre,

dei hev ikkje mykje å tryggja seg til,

Gud Fader, du styrkja og trøysta deim vil!

3 Når bårone bryt yver holmar og skjer,

og stormen og straumen mot fallgarden ber,

du båten må venda

og berging deim senda,

so leidi dei finn mellom fluder og fall,

Og inn gjennom skjergarden kjem dit dei skal!

4 Men lid det mot kvelden og natti kjem på,

og brottsjøen veks og vil yver deim slå,

Gud, hjelp deim i nåde

og frels deim frå våde!

Lys for deim i myrkret og styr deira stamn,

og før deira båt til den fredfulle hamn!

5 Gud frelse vårt folk frå det stormande hav,
der mange av våre hev funne si grav!
Til havs hev dei fare,
so fager ein skare.
Dei kviler der ute;
men vaknar ein gong,
og stemmer frå havet til himmels med song.

6 Gud give oss alle det landet å nå
der me våre kjære skal etter få sjå!
Gud såg kvar dei kvilde,
han samlar dei skilde,
og aldri me meir
skal til havs leggja ut,
for havet og dauden for evigt er slutt.

615. Fagert er landet

Anders Hovden 1907

Ludvig M. Lindeman 1840

Fa-gert er lan - det du oss gav, Her-re vår Gud og vår Fa - der!
Fa-gert det stig av blå - e hav, so - li ho sprett og ho gla - der, sig-nar vårt
land i nord og sud, so - leis ditt å - syn
ly - ser, Gud, y - ver vårt No - reg i nå - de.

4 Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter;
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar.

5 Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møda,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøda!
Gud, utan deg den vesle urt
veiknar og visnar, bleiknar burt,
ver du oss ljoset og livet!

682. Kvi skjelv kvart lauvsblad

Ragna Rytter 1915

Marie A. Riise 2025

1 Kvi skjelv kvart lauvsblad i den stille natt,
kvi dryp det blod på blomane i hagen?
Kvi er det auga so av redsla fyllt,
som elles lyser varmt som sol um dagen?

2 Kvi ligg du der, du herlege Guds Son,
åleine midt i strid og hjartekvida?
Kvi giv du deg inn under daudens tjon,
kven tvingar deg vel soleis til å lida?

3 Guds Son i heilag kjærleik giv seg sjølv;
vår synd hans reine sjel som klungren stinger,
so du og eg i rettferdsklædnad kvit
skal eingong lyftast yver stjernerigar.

4 Når me må møta vårt Getsemane,
då vil han stå i stråleglans ved sida,
og med si sterke, vare frelsarhand
til sæla venda alt det me lyt lida.

10. Di rettferd er min bunad

Anders Hovden 1902

Marie A. Riise 2024

1 Di rettferd er min bunad,
mitt ljose sjelelin,
min hovudkrans, mi kruna,
min skatt, mitt perleskrin.
Du gav meg alt av nåde
til vern mot domens våde,
du dyre Frelsar min.

2 Eg gjeng i arbeidsklæde
og hører til dei små,
men tenkjer tidi med glede:
det vert umbyte på;
når snart mi livssol glader,
eg for min Gud og Fader
skal som ein engel stå.

3 Å, du som hardt deg mødde
i våre tronge kår,
og stridde, leid og blødde
og sona syndi vår,
du til Guds barn meg kalla,
hjelp at eg ei må falla
frå mine barnekår!

4 Din augnestein eg vere,
til eg er slokna säl!
Din ljose engel bere
til Paradis mi sjel!
Då kverv dei siste skuggar,
du inn til ro meg ruggar,
ja då er allting vel.

Vi søkte deg av all vår makt

Jan Ove Ulstein 2016

Bert Handrick 2016

1 Vi søkte deg av all vår makt.

Vi viste oss i all vår prakt.

Du tok oss ned, du dømde oss.

Og alt eg ser er blod og kross.

2 Du dømde meg, så hjelp meg du

Å feste blikket, gi meg tru.

Når alt eg ser er kross og blod,

Sjå deg åleine, hyrde god.

3 Så fann du meg, for det er du.

Når festet glepp, du skaper tru.

Ei tru så berr som naken kross.

Ein kjærleik stor, ein død for oss.

4 For det som mitt er, tok du på.

Og det som ditt er, gir du nå.

Ein nåde veldig som eit hav.

Kvar bitter synd er søkkt i grav.

5 Så trua er eit planta lys.

Ein overvarme når vi frys.

Dreg opp når mismot dreg oss ned.

I stormens øye er du fred.

Ei lysning er du, veg å gå

Jan Ove Ulstein 2016

Bert Handrick 2016

1 Ei lysning er du, Veg å gå,
eit syn som blinde kan få sjå,
for du er først, og du er sist.
Lat oss få sjå deg, Jesus Krist.

2 Ei tru som held om allting brast.
Ei tru som held, for du held fast.
Ei tru, eit feste, som set fri.
Eit lys frå sår i sida di.

3 For ingenting kan skilje oss,
ein død, ei pine eller kross,
for der er du, i djupe natt
er du som døden aldri batt.

4 Ditt bilete er skapt i meg.
Og inga stengsle finst i deg.
Om sukk kan høyrest milevidt,
ein horisont er smilet ditt.

5 For den vi elskar, blir vi lik.
Få sjå deg Jesus, sjå deg slik
at vi blir spegla av i deg.
Eit bilete trer fram i meg.

6 Få gå med deg, til siste dag.
For du er vind, for du er drag.
For du er livet sjølv, ein veg
å gå på, heim, og heim til deg.

649. Syng i stille morgenstunder

Elias blix 1891

Ludvig M. Lindeman 1862

Syng i stil-le mor-gon-stun-der, syng Gud Fa-der lov og ros! Sjå, han gje-re
nytt det un-der: kal - lar fram or myr-kret ljós! Sjå hans sol all skap-ning gyl - la,
alt med liv og lov - song fyl - la, sjå hans kjær - leiks
smil i sky, sjå kvar dag hans nå - de ny!

2 Gud si sol lèt dagleg renna
over alle utan skil:
Deim som vil hans kjærleik kjenna,
deim som ikkje vakna vil.
Alle vil han til seg draga,
alt han veit so vel å laga:
Gjennom sol og regn og sky
byd han oss sin nåde ny!

3 Lær oss, Gud, kvar dag å telja,
sjå, kor snøgt vår livsdag lid!
Lær oss livsens veg å velja
medan det er enno tid!
Enn i dag du vil oss kalla,
snart kann myrker på oss falla!
Lat oss, medan det er dag,
fylgja Andens nådedrag!

4 Gud, som skapte sol og stjerna,
deg me synga takk og lov,
at um oss du vilde verna
medan me i myrkersov!
Lys og leid oss, ljoses Fader,
til vår sol i gravi glader,
vekk oss so til morgen ny,
dag med solskin utan sky!

662. Fager kveldssol smiler

A.H.H. von Fallersleben 1837
O: Peter Hognestad 1904 (N)

J.Chr.H.Rinck 1827

Fa - ger kveld - sol smi - ler y - ver hei - men ned,
jord og him - mel kvi - ler stilt i hei - lag fred.

2 Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld!

3 Ingen kveld kann læra
bekken fred og ro.
Ingi klokka bera
honom kvilebod.

4 So mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg eingong blundar
i Guds faderarm.

666. Ned i vester soli glader

Anders Hovden 1910

Norsk folketone (Nordfjord)

A musical score for a hymn. The title 'Ned i ves-ter so-li' is at the top. The lyrics are: 'Ned i ves-ter so-li gla-der takk for da - gen Gud og Fa - der, giv oss trygd' (measures 1-5), 'til nat - ti no! Takk for mat og takk for klæ - de,takk for ar - beids-kraft og gle -' (measures 6-8), and '-de, giv oss hjar - te - fred og ro! Giv oss hjar - te-fred og ro!' (measures 9-10). Measure 3 has a '3' above it, and measure 6 has a '3' above it.

2 Gud og Fader, lat oss sova,
under englevakt i stova,
ver vår sol om natti, du!

Når so siste dagen dalar,
lyft oss upp i dine salar,
leid oss yver stjernebru!

16. Med Jesus vil eg fara

Elias Blix 1875

Antwerpen 1540/
Norsk folketone (Sunnmøre)

6 Med Je-sus vil eg fa-ra på liv-sens ferd i lag. Gud, lat den sam-ferd
11 va - ra alt til min døy-and` dag! Det er mi høg-ste æ - ra, det
er mi stør-ste ros hans fyl-gje-svein å ve-ra og vand-ra i hans ljós.

2 Min Jesus, sannings stjerna,
lys upp min myrke veg!
Mitt hjarta vil so gjerna
få fylgja etter dag.
Du lyser enn i verdi
som fyrr frå Betlehem.
Ver du mitt ljós på ferdi,
til heim med deg eg kjem!

3 Min Jesus, gjævast givnad,
min eignelut og skatt!
I all min gang og livnad
meg stødt for auga statt!
Som vesle blomen trugen
ser upp mot sol og dag,
til deg som vender hugen,
til deg kvart andedrag.

4 Min Jesus, Sarons lilja,
bløm fagert upp i meg!
Lat ingen ting meg skilja
og riva burt frå deg!
Du vintre i Guds hage,
min kjære Herre Krist!
Unn også meg den lage
å veksa som din kvist!

5 Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil og vokster giva
alt til min siste slut:
Lat meg i deg få liva,
i deg få anda ut!



DEN NORSKE KYRKJA
Volda sokn



Norsk
hymnologisk
forening